



Ikkje meir plass for undervisning



Nytt Teknisk rom 35m<sup>2</sup> brutto

## Tekniske rom kjem i enden av bygningen

Hvis politikerane held det dei har lova vil renovering og opprusting av skulen i Uskedalen skje i 2012 og 2013 og no føreligg teikningane frå kommunen. Dei fortel at det ikkje blir meir plass for undervisning. Det er den gamle fløyen som skal rustast opp og den blir ikkje fysisk utvida, bekreftar Bjørn Vaage i kommunen til uskedalen.no



Dette er den enden av den gamle fløyen som vendar mot bygda

Talet på klasserom blir det same som no - det vil seie 7. Med andre ord blir det ikkje meir plass for elevar og personale å boltra seg på sjølv om det vil skje ein del innvendige rokkeringar.

Det største løftet økonomisk sett - innanfor ramma på 15 millionar er ventilasjonsanlegget og fasaden, opplyser Vaage. Ventilasjonen har i alle år våre eit ålvorleg problem for skulen. Tidlegare rektor Vidar Haugland sa at det bles tvers igjennom huset og at det er skulen sin form for ventilasjon. Den einaste utviding som vil skje av bygningskroppen er teknisk rom på 35 kvadratmeter - som ein vesentleg del av ventilasjonsanlegget.

Når det gjeld framdrifta er budsjetthandsaminga den første 'knaggen' for prosjektet. Det skuleadministrasjonen framleis har å retta seg etter er langtidsbudsjettet som har plotta inn 5 millionar neste år og 10 millionar året etter. Men sjølv sagt vil anbudsprosedyren til våren visa meir eksakt kvar ein stoppar. I alle tilfeller er ikkje 15 millionar mykje med omsyn til satsing på eit skuleprosjekt.

Av Ola Matti Mathisen